

På turné for Den kulturelle skulesekken i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane fylkeskommune skal gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS) formidle profesjonell kunst til elevar i grunnskule og vidaregåande skule i fylket.

DKS er ei nasjonal satsing finansiert gjennom overskot frå Norsk Tipping og bidrag frå kommunar og fylkeskommunar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ved kulturavdelinga administrerer satsinga i Sogn og Fjordane.

Kvar kommune har i tillegg si lokale DKS-satsing.

Denne faldaren inneheld generell informasjonen frå kulturavdelinga til utøvarar på turné i Sogn og Fjordane.

Turnéplanar

Utøvarane finn til ei kvar tid oppdaterte turnéplanar på www.skulesekken.no

Kontakt med skulane

Kvar skule har ein kulturkontakt som er utøvarane sin kontaktperson. Utøvarane skal ringe skulane for å sikre seg at besøket vert så bra som mogleg. I tillegg sender kulturavdelinga påminning til skulane via e-post, og følgjer opp på telefon om naudsynt.

Reise, diett og overnatting

Kulturavdelinga bestiller reise til/frå Sogn og Fjordane etter avtale med utøvarane.

Kulturavdelinga bestiller all overnatting og sender reiserute med oversikt over hotell før turnestart. Om utøvarane ønskjer å endre overnattingsstad undervegs, skal det skje via kulturavdelinga v/kontaktpersonen for turneen.

På turné får utøvarane dekkja reise og diett etter statens satsar. Utbetaling skjer i etterkant. Om utøvar fører noko på hotellrommet må han hugse å gjere opp ved utsjekk.

Sjå elles om dette kontrakten for turneen.

Leigebil

Etter behov tingar kulturavdelinga leigebil. Følgjande vilkår gjeld ved bruk av bil leigd av kulturavdelinga:

- Utøvarane skal alltid sjekke bilen for skader ved mottak / levering og melde frå til utleigar.
- Leigebilen skal leverast tilbake i same stand som då han vart tatt i bruk.

Ein god ambassadør!

- På turné er utøvarane representantar for Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Det er forventa at utøvarane opptrer som gode rollemodellar.
- Det er viktig å vere imøtekommande og innstilt på å finne gode løysingar.

- Vert bilen levert tilbake til utleigar utanom opningstid t.d. parkert på flyplass, parkert hos utleigar og nøkkel levert i postkasse eller liknande, skal utøvarane om mogleg ta bilete av bilen for å dokumentere kva stand den er i. Bileta skal sendast til kulturavdelinga v/kontaktperson for turneen. Dette er for å sikre at kulturavdelinga ikkje vert belasta for skader/hærverk som blir gjort på bilen etter at utøvarane har levert han.
- Eventuell privat bruk av leigebil (til utflukter, sightseeing, private besøk og liknande) skal avklarast med kulturavdelinga på førehand. Det vert i kvart enkelt tilfelle vurdert om utøvarane sjølve skal betale for slik bruk.
- Ved privat bruk av leigebil må utøvar sjølv dekke eigenandel ved skade.
- Eventuelt tjuveri eller skade på bil/utstyr skal snarast meldast til kulturavdelinga. Dersom bilen vert skada, må utøvarane fylle ut skademelding.

Økonomi

Kulturavdelinga skriv kontrakt med utgangspunkt i gjeldande rammeavtale for oppdrag i DKS.

Forsikring og skade

Utøvarane må sjølv syte for at utstyr/instrument er forsikra.

Kven svarar på spørsmål?

DKS-koordinator

Øyvind Høstaker

Tlf. 952 22 168

e-post: oyvind.hostaker@sfj.no

Produsent Rikskonsertane

Øyvind Lyslo

Tlf. 901 13 433

e-post: oyvind.lyslo@sfj.no

Rådgjevar

Trygve Apalset

Tlf. 415 30 883

e-post: trygve.apalset@sfj.no

Rådgjevar

Guro Høyvik

Tlf. 415 30 608

e-post: guro.hoyvik@sfj.no

Turneleggar

Solfrid Bygstad

Tlf. 415 30 610

e-post: solfrid.bygstad@sfj.no

God tur på turné i Sogn og Fjordane!

